

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Stord 15.03.2023  
Dykkar ref.  
Vår ref. 150920/2  
Arkivnr. 312-001-900  
Saksbehandler Sture A. Karlsen  
Sider 1

## **Søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for magasin Løkjelsvatn i Etne kommune (jfr. vrl § 8)**

### Bakgrunn:

Vi syner til tidlegare korrespondanse om same sak seinast ved NVE sitt brev datert 14. oktober 2022 (dykkar ref. 202203940-8).

Nye Løkjelsvatn kraftverk skal nytte det eksisterande inntaket til gamle Hardeland kraftverk. Då magasinet var senka i fjor, fekk vi støypt føringar for nytt bjelkestengsel ved munninga av driftstunnelen i Løkjelsvatn. Diverre rakk vi ikkje å utføre resterande arbeid i inntaket av di det ikkje var mogleg å halde magasinet nede lenger.

Det som står att er å revidere/byte ut eksisterande revisjonsstengsel og inntaksluke. Bjelkestengselet i munninga av driftstunnelen må då setjast på plass først. For å kunne sjå føringane til stengselet, må vasstanden senkast under LRV. Det viktigaste er likevel omsynet til personelltryggleik. Arbeidet med inntaksluke og revisjonsstengsel er forbunde med stor risiko. Ved å gå under LRV, gjer ein arbeidet mykje tryggare for utførande personell.

Arbeidet med å setje bjelkestengselet er planlagt å ta til 8. mai. Dette føreset at vi har klart å køyre magasinet langt nok ned og at magasinet er isfritt. Arbeidet kan difor verte forskyva. Når bjelkestengselet er sett, vil magasinet byrje å stige, sidan vi då ikkje har mogleik for tapping. Kor lang tid det vil ta å fylle opp att magasinet, vil avhenge av nedbørsmengda i denne perioden.

### Søknad:

Vi søker med dette om løyve til å senke magasinet under LRV (kote 605,8 (NN2000)) og så langt ned som praktisk mogleg (ca. kote 600) i tidsrommet 11. april – 23. juli 2023.

Vi håper på ei rask og positiv handsaming hos NVE.

Med helsing  
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

A handwritten signature in blue ink, reading 'Kjetil Heimvik'. The signature is written in a cursive, flowing style.

Kjetil Heimvik  
Prosjektleder  
kjh@skl.as